

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 07.03.2019

Vår ref.: 201836297-4

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ellen Lian Halten

22959918/elha@nve.no

Høyring av søknad om uttak av grunnvatn til industriformål på Nordre Vartdal i Ørsta kommune i Møre og Romsdal

NVE har motteke ein søknad frå Poly-Har AS, datert 20.2.2019 om løyve til uttak av grunnvatn. Grunnvassuttaket skal vere reservevatn og brukast til kjøling på fabrikk til Poly-Har AS i Ørsta kommune.

Skildring av tiltaket

Det er søkt om løyve til uttak av maksimalt 15 l/s med grunnvatn. Det er etablert to produksjonsbrønnar, fem peilebrønnar, og vassleidning frå brønnområdet og fram til fabrikk. Vassleidninga ligg i sjøen. I luftline er det om lag to kilometer frå brønnområdet til fabrikk.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8, jamfør § 45 i same lov. Vi viser til vedlagte informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring fram til endeleg vedtak. Her står det og kva vi ønsker tilbakemelding om.

Kva gjer du viss du ønsker å uttale deg?

NVE ser helst at uttalar blir sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker. Uttalar må sendast inn så snart som råd, og seinast **16.5.2019**.

Det er også mogleg å sende uttalar per e-post til nve@nve.no, eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Uttalar eller deler av uttalar vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det blir laga eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Søknaden med vedlegg er lagt ut på [vår nettside](#), og den blir kunngjort av NVE i avisa Møre-Nytt. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Oddmund Soldal hjå COWI AS på tlf. 95 18 40 21 eller e-post: ods@cowi.com.

Vi ber Ørsta kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Servicetorget på Ørsta Rådhus fram til **16.5.2019**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Ellen Lian Halten
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Tre eksemplar av søknaden til Ørsta kommune
Orienteringsbrev til høyringspartane
Kunngjering

Mottakerliste:

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Kystverket
Mattilsynet
Møre og Romsdal fylkeskommune
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Norges geologiske undersøkelse
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal
Norges Miljøvernforbund
Ørsta kommune
Ålesund-Sunnmøre Turistforening

Kopi til:

Cowi AS - Norheimsund v/Oddmund Soldal
POLY HAR AS